

Kontrollutvalet sin rapport til Senterungdommen sitt landsmøte 2023

Samansetting og mandat

På Senterungdommen sitt landsmøte i 2023 vart Hilde Horpen, Henning Røyneberg og Sara Hamre Sekkingstad vald som medlemmar i kontrollutvalet for 2022-2023. Sara Hamre Sekkingstad har vore leiar av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt mandat følgjer av §15 i vedtektene til Senterungdommen:

§ 15 KONTROLLUTVALGET

- 1. Kontrollutvalget består av leder og 2 medlemmer.*
- 2. Utvalget skal foreta en helhetsvurdering av sentralstyrets disposisjoner i forhold til lover, vedtekter, arbeidsplan og budsjett. Videre skal kontrollutvalget ta stilling til om utvalg og komiteer arbeider i henhold til sine vedtekter, økonomiplan og gitte fullmakter.*
- 3. Kontrollutvalget har rett til innsyn i sakspapirer, regnskapsrapporter og andre dokumenter som er nødvendig for å oppfylle utvalgets kontrollfunksjon.*
- 4. Kontrollutvalgets leder eller minst 2 av medlemmene kan sammenkalle til møte. Landsstyret kan også beslutte at møte skal holdes.*
- 5. Kontrollutvalget legger fram sine vurderinger i en rapport til landsmøtet.*

Arbeidsåret

Kontrollutvalet har hatt jamleg kontakt og har hatt fleire møte gjennom arbeidsåret. Kontrollutvalet var til stades på Senterungdommen sitt landsstyremøte i Oslo 13.-15. oktober 2023. Kontrollutvalet har hatt intervju og samtalar med av medlemmane i sentralstyret i Senterungdommen, generalsekretær i Senterungdommen, medlemmar i landsstyret, leiar av valkomiteen og generalsekretær i Senterpartiet.

Kontrollutvalet har gjennom arbeidsåret blitt kontakta av organisasjonen om konkrete saker knytt til forståing av vedtekter og retningslinjer. Kontrollutvalet har konsentrert seg om følgjande hovudpunkt i årets rapport:

1. Økonomi og administrasjon
2. Rutinar og retningslinjer
3. Medlemssystemet
4. Gjennomgang av tilrådingane frå fjorårets rapport

1. Økonomi og administrasjon

Kontrollutvalet viser til tidlegare rapportar der økonomi og administrasjon har vore eit gjennomgåande tema. Utvalet registrerer at det gjennom fleire år har skjedd ei positiv utvikling på dette området.

Kontrollutvalet påpeika i fjor at det var tidkrevjande å få svar på spørsmål knytt til økonomi og at det var noko etterslep i føring av rekneskap. Kontrollutvalet merkar seg at det framleis er tidkrevjande å få svar på spørsmål og få oppdaterte rekneskapstal i tide, men at generalsekretær og sentralstyret er merksam på situasjonen, og har god dialog med Senterpartiet for å få på plass ei betre ordning for Senterungdommen.

Kontrollutvalet vil uttrykke bekymring over at skriftlege rekneskapsrapportar ikkje vert sendt ut innan fristen for sakspapir, men vert sendt ut svært tett opp mot sentralstyremøta eller vert framlagt direkte i møtet.

Kontrollutvalet tilrådde sin rapport i fjor at Senterungdommen vurderer eit anna oppsett for budsjett og rekneskap, som lettar det manuelle ekstraarbeidet for generalsekretær. Kontrollutvalet merkar seg at rekneskapen i år vert lagt fram i eit nytt oppsett, og at dette vil lette arbeidsbelastinga og spare generalsekretær for mykje manuelt ekstraarbeid i forkant av rekneskapsrapporteringane.

Kontrollutvalet har gått gjennom innkallingar og sakspapir. Kontrollutvalet finn at innkallingane er sendt ut i tråd med fristane i vedtektene, men at nokre saksdokument er sendt etter fristane i vedtektene.

2. Rutinar og retningslinjer

Kontrollutvalet viser vidare til at utvalet i tidlegare rapportar har peika på at kontorfunksjonen til Senterungdommen er sårbar grunna stor arbeidsbelastning, få tilsette og oppgåver som avhenger av enkeltpersonar.

Kontrollutvalet merkar seg at det ikkje finst gode rutinar og oppgåvebeskrivingar for arbeidet som vert utført av ressursane på kontoret, og kva som skjer i overgangar ved nytilsettingar eller ved fråvær av tilsette på kontoret. Det er viktig at det finst gode rutinar på oppfølging av oppgåver og særleg tidskritiske. Kontrollutvalet vil difor tilrå at Senterungdommen gjennomgår rutinane og retningslinjene knytt til arbeidsstillingar og oppfølging av tidskritiske oppgåver ved fråvær av tilsette, og vurderer om det er behov for å oppdatere desse.

Kontrollutvalet si tilråding:

- a. Senterungdommen gjennomgår rutinane og retningslinjene knytt til arbeidsstillingar og oppfølging av tidskritiske oppgåver ved fråvær av tilsette, og vurderer om det er behov for å oppdatere desse.

3. Medlemssystemet

I 2022 tilrådte kontrollutvalet at Senterungdommen gjennomgjekk rutineane for oppdatering av medlemssystemet, og rutineane for innmelding av nye medlemmar.

Kontrollutvalet har dei tidlegare åra påpeika at det har vore feil og manglar i medlemssystemet og at det har vore krevjande for lokal- og fylkeslaga å få oppdatert oversikt over medlemmane. Kontrollutvalet merkar seg at dette framleis er ei utfordring, og at medlemssystemet er tungvindt å arbeide med, sjølv om rutineane er betra.

Kontrollutvalet merkar seg at Senterungdommen er merksam på og har dialog med Senterpartiet kring utfordringa. Det er viktig at medlemssystemet til ei kvar tid er oppdatert og oversiktleg. Det er det viktigaste verktøyet for å ha oversikt over kven som er medlem i organisasjonen og for å ha kontakt med medlemmane i lokallag- og fylkeslaga. Eit oppdatert system lettar arbeidet for lokallags- og fylkesleiarane, då dei enkelt kan ta kontakt og sende informasjon til medlemmane via systemet.

Kontrollutvalet har fått fleire tilbakemeldingar på at det er tungvindt og tidkrevjande å melde inn nye medlemmar i Senterungdommen, og at tillitsvalde opplever at personar ikkje melder seg inn i Senterungdommen grunna at det tar for lang tid. Det er viktig at Senterungdommen har eit enkelt og godt system for innmelding av nye medlemmar, slik at personar som ønskjer å vere medlem i Senterungdommen får meldt seg inn og blir følgt opp.

Kontrollutvalet vil difor tilrå at Senterungdommen gjennomgår og vurderer metode for innmelding av nye medlemmar.

Kontrollutvalet si tilråding:

- b. Senterungdommen gjennomgår og vurderer metode for innmelding av nye medlemmar.

4. Oppfølging av tilrådingane frå fjorårets rapport

Kontrollutvalet sin rapport for 2022 tok for seg økonomi og administrasjon, medlemssystemet og arbeidspress på tillitsvalde. Kontrollutvalet viser til at utvalet sin rapport har vore tema på alle sentralstyremøta, og at det har skjedd ei positiv utvikling.

Kontrollutvalet ser likevel at det framleis gjer seg gjeldande nokre utfordringar økonomi og administrasjon og medlemssystem, og viser til vurderingane i punkt 1-3 i årets rapport.

Kontrollutvalet merkar seg at det er varierende tilbakemeldingar knytt til arbeidspress på tillitsvalde, og at arbeidspresset varierer mellom utvala og at det er ulik arbeidsmengd gjennom arbeidsåret.

Kontrollutvalet tilrådte i fjor at arbeidsutvalet og sentralstyret drøfta forventningar og fordeling av arbeidsoppgåver i starten av arbeidsåret. Kontrollutvalet merkar seg at dette er gjort i inneverande, men vil likevel tilrå at arbeidsutvalet og sentralstyret drøftar

forventningar til arbeidet i Senterungdommen og fordeler arbeidsoppgåver i starten av arbeidsåret.

Det er viktig at tillitsvalde er kjent med forventningar og arbeidsmengd ved inngangen til vervet, og at det arbeidsmengda er overkommeleg for sentralstyremedlemmane.

Kontrollutvalet vil understreke at det er viktig at tilsette og tillitsvalde i Senterungdommen er bevisst sitt arbeidsgjevar- og personalansvar.

Kontrollutvalet sine tilrådingar:

- c. Arbeidsutvalet og sentralstyret drøftar forventningar til arbeidet i Senterungdommen og fordeler av arbeidsoppgåver i starten av arbeidsåret.

Oppsummering

Kontrollutvalet merkar seg at det jamt over blir arbeida godt i organisasjonen, og at det har vore ei positiv utvikling knytt til tema som kontrollutvalet har tatt opp i rapporten over tid.

Senterungdommen har i stor grad gjennomført arbeidsplanen, og arbeider i samsvar med vedtektene.

Kontrollutvalet sine samla tilrådingar:

- a. Senterungdommen gjennomgår rutine og retningslinjene knytt til arbeidsstillingar og oppfølging av tidskritiske oppgåver ved fråvær av tilsette, og vurderer om det er behov for å oppdatere desse.
- b. Senterungdommen gjennomgår og vurderer metode for innmelding av nye medlemmar.
- c. Arbeidsutvalet og sentralstyret drøftar forventningar til arbeidet i Senterungdommen og fordeler av arbeidsoppgåver i starten av arbeidsåret.